

# BARN TIL MR UNDERSØKING

## Informasjon til foreldre:

[I narkose](#)

[Uten narkose](#)

[Spebarn 0-3 mnd](#)

[kontaktinformasjon](#)

Barneradiolog (ved Barnerøntgenavdelinga) fylgjer med under undersøkinga slik at dei naudsynte opptaka vert utført.

## BARN I NARKOSE

Dersom barnet ditt vert akutt sjukt eller forkjølt i løpet av veka før undersøkinga ber me om at de ringer til sjukehuset på tlf. 55 97 68 50, kvardagar mellom kl.08:00 og 15:00 og ber om å få snakke med Utpostlegen.

Faste medisinar skal tas som vanleg bortsett frå insulin og andre sukkersjukemedikament som ikkje skal tas fordi barnet fastar. Evt. andre medisinar i tablettform kan svelgas med ½ glas vatn eller saft helst 2 timar eller meir før undersøkinga.

Når barnet ditt kjem til MR undersøking i narkose vil det vera mange personar som møter dykk.

Nokre er anestesisjukepleiarar og anestesilegar. Deira rolle er og gje barnet narkosemidlar, og overvake barnet ditt under heile undersøkinga og fram til oppvavningsavdelinga.

Dei vil være nøye på at barnet ditt har fasta etter skjemaet som er lagt ved timetildelingsbrevet de har motteke. Les og følg instruksane.

Anestesipersonalet legg inn eit tynt plastrøyr (venekanyle) i ei av blodårane til barnet ditt. Dette brukast til og gje barnet narkosemidlar i. Den mest vanlege plasseringa er opp på handa/ handryggen. For å ta vekk det meste av smerten ved stikket, anbefaler vi at de brukar [Emla®](#) - krem/plaster eller [Tapin](#) krem/plaster. Dette får de kjøpt reseptfritt på apoteket. Påfør kremen på begge handryggar 1 time før timeavtale. Les bruksanvisningen på pakken og følg denne nøye.

Opp til 2 vaksne pårørande kan vera med fram til barnet sovnar.

Når barnet ditt får narkosemiddelet, sovnar barnet svært fort. Då vil anestesipersonalet straks ta barnet med seg inn på MR rommet.

De foreldre blir følgd ut på gangen av ein radiograf. Radiografane er dei som tek MR bileta. Dei har ansvaret for tryggleiken på MR - rommet, og vil stille spørsmål om barnet ditt er operert og evt. har implantat i kroppen [Sjå forholdsregler](#). Dei vil og vera opptatt av om klede

til barnet er utan metall, som knappar og glidlås. Glitter, paljettar og smykke kan også være eit problem, så kle barnet ditt enkelt og praktisk denne dagen.

Bildetakinga tar frå ein 1/2 – 2 timar. Det er ikkje alltid lett og sei på førehand kor lang tid det vil ta.

Radiografen ber gjerne om mobilnummeret til mor eller far slik at de kan bevege dykk omkring i nærområdet. Radiografen vil ringe dykk når barnet er ferdig slik at de kan komme tilbake og møte barnet når det skal på oppvåkningsavdelinga.

Barneradiolog (ved Barnerøntgenavdelinga) fylgjer med under undersøkinga slik at dei naudsynte opptaka vert utført. Hjå nokre av barna kan det vera aktuelt å gje eit kontrastmiddel for å få meir informasjon ut av undersøkinga. Dette kontrastmiddelet heiter [Dotarem®](#).

Etter at barnet ditt har vakna frå narkosen, kan han/ ho drikke og etter kvart ete som vanleg. Det er normalt å kunne reise heim etter 1-2 timar.

Når barnet ditt er ferdig på MR, får de svaret på undersøkinga ved å kontakte tilvisande lege. Er barnet tilvist frå legar på Barneklubben er svaret som oftast klart same dag. Er barnet tilvist frå fastlegen kan ein rekne med 1 veke før svaret er klart.

**Velkomne til oss på MR-seksjonen ved Haukeland universitetssjukehus ☺**

## **UTEN NARKOSE**

Når barnet ditt skal til MR undersøking uten narkose er det viktig å forberede barnet godt. Ei vellykka MR undersøking er heilt avhengig av at barnet samarbeider.

Lengda på ei MR undersøking varierer frå 20 minuttar til over 1 time. Det bråkar mykje i maskina når bilettopptaka går, og det er heilt avgjerande for kvaliteten på bileta at den som undersøkast ligg heilt i ro med heile kroppen så lenge opptaket varar. I pausane mellom opptaka vil radiografen snakke med barnet ditt, og då kan barnet svare og bli høyrte av personalet.

Du vil kunne være med barnet inn på MR-rommet dersom du ikkje sjølv har operert inn pacemaker eller leidningar i brystkassen, eller har andre implantat som ikkje er MR kompatible. [Sjå forholdsregler.](#)

Barnet kan høyre på musikk eller lydbok under undersøkinga, så ta gjerne med ein CD- som barnet likar å høyre på.

På <https://www.youtube.com/> ligger det mange ulike videoer som viser barn som er på MR. Der kan ein og høyre på lydane MR maskiner lagar. Søkord er; [MRI children](#).

Det er per i dag ingen kjente skadeverknader av ei MR-undersøking, men ut i frå eit «føre var prinsipp» anbefalast det ikkje for gravide å opphalde seg inne i MR- rommet under opptaka. Er du gravid, så er det lurt å la ein annan person som barnet stoler på, vera med inn på MR-rommet.

Nokre gonger skal barnet ha intravenøs kontrast under undersøkinga. Kontrastmiddelet heiter [Dotarem®](#). Då legg ein inn eit tynt plastrøyr (venekanyle) i ei blodåre. Den mest vanlege plasseringa er i eit albogeledd (same plass som ein tek blodprøvar). For å ta vekk det meste av smerten ved stikket, anbefaler vi at de bruker [Emla®](#) - krem/plaster eller [Tapin](#) krem/plaster. Dette får de kjøpt reseptfritt på apoteket. Påfør kremen i begge albogeledd 1 time før timeavtale. Les bruksanvisninga på pakken og følg denne nøye.

Barneradiolog (ved Barnerøntgenavdelinga) følgjer med under undersøkinga slik at dei naudsynte opptaka vert utført.

Når barnet ditt er ferdig på MR, får de svaret på undersøkinga ved å kontakte tilvisande lege. Er barnet tilvist frå legar på Barneklubben er svaret som oftast klart same dag. Er barnet tilvist frå fastlegen kan ein rekne med ca. 1 veke før svaret er klart.

**Velkomne til oss på MR-seksjonen ved Haukeland universitetssjukehus 😊**

### **SPEBARN (0 – 3 MÅNADER) TIL MR**

Når barnet ditt skal til MR undersøking er det viktig å forberede barnet godt. Ei vellykka MR undersøking er heilt avhengig av at barnet ligg heilt i ro.

Erfaring tilseier at sovande spebarn (0-3 mnd) søv godt igjennom ei MR undersøking, utan å verte forstyrra av lydane frå MR maskina. Difor ynskjer me å gjere MR undersøkinga medan barnet ditt søv, og slik unngå bruk av narkose. Undersøkelsestida er vanlegvis ca 45 minuttar. De foreldre får fylgje barnet gjennom heile undersøkinga, dersom de ikkje sjølv har operert inn pacemaker eller leidningar i brystkassen, eller har andre implantater som ikkje er MR compatible [Sjå forholdsregler](#).

For at dette skal bli vellykka er din innsats avgjerande;

- Når barnet kjem til MR timen må det vera klart til å sove, altså mett og med rein bleie.
- Det er viktig at du planlegger kleda barnet har på slik at dei er heilt frie for metall. Ingen trykk-knappar i «body» t.d. Kleda må heller ikkje ha trykk med glitter , paljettar eller anna pynt det kan vera metall i.
- Kjem du langveis frå, anbefaler vi at de startar turen slik at barnet ikkje har sove ut i bilen på veg til timeavtale.

Når barnet ditt er ferdig på MR, får de svaret på undersøkinga ved å kontakte tilvisande lege. Er barnet tilvist frå legar på Barneklubben er svaret som oftast klart same dag. Er barnet tilvist frå fastlegen, kan de rekne med cirka 1 veke før svaret er klart.

**Velkomne til oss på MR-seksjonen ved Haukeland universitetssjukehus ☺**

Har du spørsmål, kan du kontakte

**MR seksjonen, Radiologisk Avdeling**

**Telefon: 55 97 24 01**

**[www.helse-bergen.no](http://www.helse-bergen.no)**